


# Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

Nr. 1 - Februar 2009 41. årgang



## Ledestjerne

*Vi roper i denne natten:  
Gi oss en vei å gå.  
Gi oss ennå en stjerne  
å feste øynene på.*

*Gi oss ennå et hjerte,  
ikke av vest eller øst,  
gi oss et hjerte som favner  
all verden – og grenseløst.*

*Gi oss ennå å gråte  
over vårt mørke sted.  
Gi oss igjen å høre:  
Fred over jorden. Fred!*

*Gi oss ennå å bryte  
opp som de vise menn.  
Gi oss i natt en stjerne,  
og gi oss å følge den.*

*Einar Skjæraasen*



Shalomtur for Bryne  
kyrkjelyd

SIDE 10



Time kyrkje 150 år

SIDE 12



Gilddt å gå med  
fastebøsse

SIDE 14



Helgedagen er 40 år

SIDE 8

## Bryne - Time - Undheim sokn

### Kyrkjelydskontoret tlf. 51 77 03 77

Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00-14:00

heimeside: <http://www.time-kyrkja.no>

e-post adresse: [kyrkjekontoret@time-kyrkja.no](mailto:kyrkjekontoret@time-kyrkja.no)

telefaks 51 77 03 60

Kyrkjekontoret, Parkvegen 2

Prost: Anne-Sofie Haarr tlf. 51 43 78 93

Sokneprest Stein Ødegård tlf. 91 15 71 05

Prostiprest Gunnar Frøyland tlf. 95 87 38 47

Kateket: Ingrid Time Nærland tlf. 51 48 40 69

Diakon: Marit Høie Hetland tlf. 91 16 30 39

Sekretær Bryne sokneråd:

Elisabeth Obrestad tlf. 51 43 78 16

Sekretær Time sokneråd:

Elisabeth Obrestad tlf. 51 43 78 16

Sekretær Undheim sokneråd:

Hanne Brit Sandsmark tlf. 51 48 45 40

Sekretær: Kari W. Ødegaard tlf. 51 77 03 77

Sekretær: Siri Vik tlf. 51 77 03 76

Kyrkjeverje tlf. 51 77 03 69

Kyrkjeverje Olav Vegard Søyland tlf. 90 94 23 04

Konsulent Tor Aase tlf. 51 77 03 63

Time kyrkje og kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Bryne kyrkje tlf. 51 48 28 08

Prosjektlear trusoppføring:

Jorunn M. Ueland tlf. 51 48 85 10

**Time** tlf. 51 48 32 84

Organist: Oddny Underhaug tlf. 51 48 25 31

Kyrkjetenar: Marit Undheim tlf. 51 48 43 09

Soknerådsleiar: Amund Undheim tlf. 51 48 43 09

**Bryne** tlf. 51 48 28 08

Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth tlf. 99 61 91 21

Kyrkjelydsprest Leif Oscar Reiestad tlf. 99 12 74 03

Organist: Per Olav Egeland tlf. 51 48 66 68

Klokkar: Leif Andenes

Soknerådsleiar: Inger Kristine Løge tlf. 51 48 59 56

Barne- og ungdomsarbeidar:

Jorunn Pettessen tlf. 51 77 03 68

### Lye forsamlingshus

Heimeside: <http://www.lyeforsamlingshus.no>

Ungdomsprest: Ole Tørring tlf. 95 17 89 71

Leiar forsamlingsstyret:

Liv Heidrun Skaar Heskestad tlf. 51 48 86 70

**Undheim** tlf. 51 48 68 20

Prest: Per Børge Hillestad tlf. 934 42 919

Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 90 81 03 46

Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 51 48 45 55

Soknerådsleiar: Steinar Sandvik tlf. 51 48 42 22

Besøk vår nettside:

[www.time-kyrkja.no](http://www.time-kyrkja.no)

e-post:

[helgedagen@time-kyrkja.no](mailto:helgedagen@time-kyrkja.no)

## Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd

Redaksjon: Else Marie Bue, Liv Helene Håland, Oddny Underhaug Gunnar Frøyland og Gabriel Tengsareid.

Layout og trykk: Jærprint

Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til [gabriel.tengsareid@lyse.net](mailto:gabriel.tengsareid@lyse.net)

og må må vera oss i hende måndag 9.mars

# Til ettertanke

## “Den allmechtige Gud har no gjeve deg sin Heilage Ande”



Medan hovudet ditt enno var vått av dåpsvatnet, la presten handa på hovudet ditt og sa: Den allmechtige Gud har no gjeve deg sin Heilage Ande. Gjer det nokon forskjell? Betyr det noko for deg at du har fått den Heilage Ande? Den Heilage Ande endrar deg. Den Heilage Ande set deg i gang med å leva eit kristenliv. Anden endrar, fornyar og gjev nytt liv.

Jesus sa: “ Den som vil gjera hans vilje, skal få kjenna om læra er av Gud” ( Joh. 7,17). Når Jesus sidan taler om Anden seier han: “Elskar de meg , så held de boda mine.” (Joh. 14,15). Mange har gjort erfaringar i truslivet sitt. Dei visste at Gud ville dei skulle gjera noko. Men av ymse grunnar blei det aldri gjort. Kanskje menneskefrykt, kanskje stormod, kanskje ulyst var grunnen. Eg hugsar frå ungdomsklubben eg gjekk i . Eg skulle halda andakt. Like før andakten rauk eg ut i ein krangel med ein annan ungdom. Orda vart vonde og harde. Så stod eg der på preikestolen og såg rett på “uvennen” min. Det var umogleg å gjera gode miner til slett spel. Eg kunne ikkje berre halda fram som om ingenting vondt hadde skjedd. Eg måtte bita det i meg, sei at det var galt det eg hadde sagt og gjort. Be om tilgjeving. Først då kunne eg halda andakt slik den var førebudd. Livet gjev oss situa-

sjonar der hykleriet vert openberra om me held fram som om ingenting skulle ha skjedd. Me berre må gjera opp med kvarandre. Men kva om ingen veit? Gud veit. Anden veit. Om du ikkje gjer det du veit du må i slike situasjonar, blir det like umogleg som om alle hadde visst. Du misser Anden si kraft. Du misser anden sitt frimod.

Den som har Anden, kan ikkje leva eit dobbeltliv. Anten vinn Anden over kjøtet (den vonde menneskenaturen) eller så vinn kjøtet over Anden. Den som lever ved Anden høyrer kva Anden seier og gjer etter det. Viss ikkje blir frimodet borte, gleder borte, trua kald og Anden sløkt.

Anden helgar oss. Vanlegvis skjer det ikkje gjennom dei store undera, men gjennom dei små skritt i lydnad. Kvar dag sannar me vår synd. Kvar dag seier me vårt ja til å fylgja Jesus i lydnad. Kvar dag blir det synleg at me elskar Jesus, for folk ser at me held boda hans.

*Gunnar Frøyland*

Neste nr. kjem ut ca. 1.april.





Glede på Kola over barnebibel på kildin-samisk.



Bibelselskapet

**BIBELDAGEN 08.02.2009**

**Bibelen i det største landet i verda**

Russland er det store nabolandet vårt i aust som strekkjer seg over heile 11 tidszoner, frå Finnmark i vest til Stillehavet i aust.

I 2009 markerer ein at det er 20 år sidan Berlinmuren fall. Dette førte til store endringar i Aust-Europa, der Sovjetunionen og dei styrande kommunistpartia braut saman.

- Kristendommen er djupt forankra i den russiske kulturen, seier Nikolay Kournikov i Det russiske bibelselskapet. – Men i dag er det mange som ikkje kjenner Bibelen. Sekulariseringa i samfunnet, etter sju tiår med kommunistisk ateisme, gjev oss store utfordringar i bibelarbeidet.

Vi samlar inn pengar til bibelarbeidet i Russland fordi vi vil uttrykkja takksemnd for eit opnare samfunn i aust, og fordi vi ser at svært mykje framleis er ugjort.

#### **Biblar til russiske skular**

Det er brei aksept i det russiske samfunnet for at kristendommen er den berande religionen i landet, og for at Bibelen formidlar verdiar som ein må kjenna til for å kunna forstå russisk historie og kultur. I samarbeid med skulestyresmaktene har Bibelselskapet sett saman ein pakke som inneheld biblar og undervisningsmaterieill til bruk i skulane.

#### **Biblar til alle**

Russland er det største landet i verda. Det trengst mykje hjelp til å distribuera biblar til aude stader i landet.

Mange menneske er av ulike grunnar fattige. Pensjonistane er hardt ramma, men det er òg mange andre som ikkje har fått del i velstandsauken. Difor treng ein hjelp til å halda prisane nede slik at alle kan ha råd til å kjøpa seg ein bibel.

#### **Omsetjing**

Det er mange etniske minoritetar i Russland. Bibelselskapet har teke på seg eit særskilt ansvar for dei store folkegruppene som ikkje er russisktalande, slik at dei òg skal få Bibelen på sitt eige språk. Ein tek òg omsyn til dei lite utbreidde språka. Som eit døme på dette nemner vi utgjevinga av ein barnebibel på kildin-samisk på Kola-halvøya.

Du kan lesa meir om bibeldagen 2009 og Bibelselskapet på internetadressen:  
<http://www.bibelselskapet.no/>

  
NOVA A/S

TIME  SPAREBANK  
-for Jæren

**WACO**  
Forsikringsmegling AS

 **SIMEX**

  
VITAL

Korleis har du det...  
**EIGENTLEG?**

Krisetelefon 815 33 300  
SOS-Melding: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

 **Kirkens SOS**  
EIT MENNESKE Å SNAKKE MED  
NÅR LIVET ER SOM VERST

# Eg vil mognast som menneske og kristen



Anne Sofie Haarr

Smilande og glad møter Anne- Sofie Haarr Helgedagen på kontoret sitt. I 11 år har ho vore prost i Jæren prosti. Frå 1.februar vert ho pensjonist.

Kan du gje oss del i nokre av dei gode minna du har frå åra i teneste på Jæren?  
--- Anne- Sofie tenkjer seg litt om. "Ja", seier ho, og tenkjer med ein gong på den gong tenesta tok til.

" Innsettingsgudstenesta var fantastisk. Eg vart møtt med så mykje varme, og dei hadde lagt så mykje arbeid i at eg skulle kjenna meg velkomen. Blomar pynta kyrkja, songen og musikken var vakker, og venlege andlet smilte mot meg."

--- Så fint, tenkjer eg, at ho som sjølv er så flink til å pynta, at ho som sjølv har slik glede i songen og musikken, at ho som sjølv møter menneske med varme, vart tatt imot på denne måten.

"Folk på Jæren er så flinke med oppmuntring og ros " , seier ho.

--- "Det er godt å vera prest og feira gudsteneste ved døypefont og altarbord. Det er sterkt å høyra to som er glade i kvarandre satsa på kvarandre med tru på at det skal holda. Det er meiningsfullt å tala om håpet ved gravkanten. Bibelteksten er viktig for meg.

Eg er heldig som får dela forteljningane med andre."

Ja, tenkjer eg, visst har Gud gitt henne ei gåve til å fortelja så me ser det for oss.

--- "Og så er eg så glad i salmesongen," held ho fram. " Me skulle sunge meir i lag, i kyrkja og i heimen."

Har du gjennom tida du ha vore i teneneste, sett endringar i måten folk

lever ut trua si?

"Gudstenester og andre møte har vorte gladare," seier ho. " Lovsong og tilbeding har fått tydelegare rom. Mange er stolte over trua på Jesus og svært opptatt av at tru og liv skal svara til kvarandre. Ønskje om å nå ut med evangeliet er sterkt, og mange er oppfinnsame og held ut. Det er viktig at kyrkja er tydeleg og synleg.

Kva ser du som utfordringa til oss som no skal føra tenesta vidare?

--- "Vent store ting av Gud. Våg store ting for Gud. De må halda fast trua på at Gud er den som verkar tru og vekst. Og de må våga å stå fram òg når de ikkje vert populære. Det fine Gud har gitt oss i Jesus, må me ha mot til å gje vidare. Undervisninga står gamallæraren nær. Barn og unge må få del i bibelsoga og salmane og bøn livet. Foreldra er dei som først har ansvaret, men kyrkja må oppmuntra, støtta og hjelpa, så foreldra vert i stand til å halda lovnaden dei gir ved dåpen."

Kva gled du deg til når du no vert pensjonist?

"Eg kjenner mest på ei spenning over å starta på noko nytt. Eg veit ikkje kva som ligg føre meg, men eg vil leva og læra nye ting. Eg vil leva med andletet vend mot det som ligg framføre meg .---Eg vil mognast som menneske og kristen.

--- I kyrkja vil eg finna min plass i gudstenesta. Pilegrimsarbeidet er noko eg brenn for og framleis vil ta aktivt del i. Og så gled eg meg til å få meir tid i lag med Per og barn og barnebarn.

--- Eg er så takknemleg for livet eg har fått leva. Eg vert audmjuk når eg ser kor velsigna eg har vore. Eg har hatt gode medarbeidarar i skule og kyrkje. Eg har opplevd mange gje av si fritid for å dra lasset med meg. Stor takk til bygdekvinnelag og husflidlag og grupper i kyrkjelyden som har stilt opp for konsertane i prestegarden! Og at menneske har gitt meg tillit og delt liv og tru med meg, det er eg djupt takksam for.

---Eg har ønska å leggja hjarta mitt i tenesta og gjera tenesta til meir ein jobb. Eg har blitt glad i mange. Derfor er det mykje smerte i å slutta."

Ja, tenkjer eg, det har eg merka. Anne-Sofie har lagt hjarta sitt i møte med mange av oss. Det takkar me henne for.

Gunnar Frøyland



*Martin Barkved trødde sine barnesko på Bryne og vert med på kulturkvelden i Time kyrkje fredag 6.februar (sjå side 11).*

Martin Barkved er son til Ola Barkved som var organist i Timekyrkja. Han har såleis høyrte mykje salmesong og orgelspel.

“Helgedagen” har møtt Martin Barkved ein føremiddag tidleg i januar for å snakka med han om ein salme han set pris på. Valet hans er ein julesalme: “Sæle jolekveld” av Elias Blix. Han tykkjer at tekst og melodi passar saman og at salmen “snakkar” til han. Han viser og til ein liten artikkel om Blix-salmar av Kjellrun Kr. Trohaug i Salten Mållag som seier at Blix ikkje berre stod for ein jordnær, glad og folkeleg kristendom, men han førte også nynorsken inn i kyrkja og gjorde han til folkeeige. Artikkelen oppfordrar oss også til å oppleva trugleda og lytta etter språkklangen i julesalmen - sjølv om jula er over.

LHH

# Shalom



Shalom er hebraisk og betyr fred. Ordet vert brukt som helsing - ei fredshelsing. Grappa på Bryne, som heiter Shalom, starta opp som ei forening for Det norske misjonselskap for over 25 år sidan. Etterkvart vart dei så mange at det førte til knoppskyting med to nye foreningar. Ein gong dei første medlemmane hadde ansvar for eit større arrangement, kom idéen om sjølv å vera “songkreftene.” Slik vart Shalom også ei lita songgruppe med same namn som foreninga og som i mange år nå har gledd andre med sin vakre song. Målsettinga for grappa er å formidla Guds omsorg. Dei syng mest i samband med misjonsarrangement, av og til i kyrkja og fast ved minnegudstene- ta for avlidne i Timekyrkja kvar januar.

I samband med jubiléet for Time kyrkje til hausten, inviterer dei nå til kulturkveld i Time kyrkje fredag 6. februar (sjå

side 11). Med val av tema ynskjer dei å understreka at kyrkja er for alle, og at denne kvelden kan gi oss tankar og gode minne om vår eiga barndomskyrkje. Eit rikhaldig program ventar alle som kjem.

I 150 år har hovudkyrkja kneisa høgt i Timebygda, og menneske i alle aldrar har vandra ut og inn. “Alle vegar fører til kyrkja,” sa Arne Garborg. La det bli slik denne kvelden!  
emb

### **Shalom: Frå v bakerst:**

*Maria Håland, Margretha Johannessen, Inger Bakke Berge, Kirsten Fjetland*

**2. rekke frå v:** *Oddny Underhaug, Anne Kristine Røthing,*

*Helga Johannessen*

**fremst frå v:** *Anne*

*Grete Hognestad,*

*Irene Berg Hersdal og*

*Møyfrid Bjorland*



## Ein Salme

*Sæle jolekveld!  
Englar høgtid held,  
syng i dag den same songen.  
som dei song den fyrste gongen  
over Betlehem: Sjå, din Frelsar kjem!*

*Sæle jolekveld!  
I vårt låge tjeld  
vil no Jesus heimvist taka,  
så hans sysken små kan smaka  
her på jord den fred  
som Guds englar gled.*

*Sæle jolekveld!  
Lat ein heilag eld  
stiga høgt i logar klåre  
opp ifrå vår låge åre,  
brenna i kvart bu  
høgt i takk og tru!*

*Sæle jolekveld!  
Englar høgtid held,  
lovat Gud for dei fekk kveda  
Ut på jord den store gleda.  
Syng då alle med,  
jord og himmel, kved!*

*Norsk Salmebok nr 67*



# 10 år med Jærklang

Som nabo møter eg Ingunn Heggland Salvesen over ein kopp kaffi heime i stova hennar. Det er ein vakker vinterdag, og me ser utover Jæren med sol over vidder og hav. Jærklang er tema for samtalen, koret med den glade klangen og det stolte namnet.



*Matpause bak i kyrkja*

Ingunn var leiar i styret dei seks første åra. Ho minnest at det var mange som sakna eit vaksen-chor på Bryne for ti år sidan. Sume hadde lagt bak seg småbarnsperioden. Meir fritid skulle brukast på noko gildt. Det blei korsong og fellesskap. Dette blei den spede starten for Jærklang i 1999. Oddny Underhaug har vore dirigent heile tida. Kvar tredje veke er det øving. Dirigenten legg ned mykje arbeid både i øvingar og framføring. Ho fortener stor takk for innsats og pågangsmot. Så er ho fagleg dyktig og svært viktig for det gode samholdet i koret. Me har lært mykje. Ein stor songskatt har me fått. Elles er det sjølv sagt gode medhjelparar i styre og komitéar som og er med på å halde hjula i gang., understrekar Ingunn.

Mange har funne sin faste plass i koret, som i dag tel omlag 50 medlemmar. Det er ingen liten gjeng som stiller opp når Jærklang er på programmet.

Fleire har vore med frå starten. Det tyder på godt sosialt fellesskap, songglede og trivsel. Øvingane er viktige. Song gir godt humør. I pausen står langbordet dekkja med mykje god mat. Samtalen går lett, og det er ikkje langt mellom latterutbrota. Sjølv om Bryne kyrkje er møteplass for øvingane, er koret ikkje knytt til nokon kyrkjelyd eller organisasjon.

## **Gi og få**

Det er gildt å glede andre med song, gildt å svare ja når nokon spør oss om å delta. Så er det spanande å koma rundt, besøkje andre forsamlingar og sjå korleis dei driv arbeidet. Alltid får me varm velkomst.

Dei fleste songane i permen har kristent innhald. Dette vil me gjerne dele med andre. Korsong er ein viktig del av kristen forkynning, meiner Ingunn og finn fram ein stor ringperm merka Jærklang.

## **Minneboka**

Avisutklipp, bilete, plakatar, program og referat. Minneboka har mange blad. "Hjelpe meg kor kjekt me har hatt det!" kjem det spontant. Store, fine opplevingar og mykje moro. Me har reist på langturar til Spangereid, Etne, Evje, Tonstad og Stord. Slik blir me betre kjende med kvarandre. Mange arrangement har også gått av stabelen i regi av Jærklang sjølv. Me kan nemne laurdagskveldar med fullsett kyrkje. Variert program og matøkt er viktig.

Mange som les dette vil minnast bl.a. Lina Sandellkveld, Afrikakveld, Garborgkveld, Den Store Stjerna (julekantate), Fest i Guds hus (advent), "Sanger fra Vest", Aserbadjankonsert, Konsert for hjelpesending til Estland, Vårkveldar og Jærdagsarrangement.

## < Gratis inngang, kollekt

Gratis inngang og kollekt er varemerket når Jærklang. kvart år inviterer til konsert/fest der det vert samla inn pengar til eit godt føremål - ein misjonsorganisasjon eller direkte hjelp til naudlidande. I takkebrev frå Misjon Uten Grenser kan me lesa: Det føles stort å oppleve hvilke følger en julekantate på Jæren kan få for julefeiringen for 245 fattige familier og eldre i Øst-Europa. -- Me ynskjer å sende takken vidare til jær-buen som så raust har gitt og gjort det mogeleg for koret å hjelpa så mange.

## Guds omsorg

Jærklang ynskjer nå velkommen til stor jubiléumskonsert i Bryne kyrkje 28.mars. (Sjå annonse side 12). Tema vert "Guds omsorg". Det passar godt for koret. Noko større enn songen om Guds omsorg kan me vel ikkje formidla ved vårt 10-årsjubiléum?" smiler Ingunn.

emb

# Gilddt å gå med fastebøsse

I fjor var Benjamin Bjørnsen Anda konfirmant og ein av mange som gjekk med fastebøsse på fasteaksjonen. Alle konfirmantane i prestegjeldet går med bøsse på fasteaksjonen, og i tillegg er det med mange andre. Dei fleste av desse er konfirmantforeldre. Nokre stiller som sjåfør, andre hjelper til med rodeorganisering, og dei fleste går med bøsse.



Saman med farfaren gjekk Benjamin rode 33 på Bryne. Dei trong ein time og 20 minutt på roden. Det var fint vêr, og Benjamin opplevde det som positivt å gå med fastebøsse. Ikkje alle stader var det nokon heime. "Folk var gilddt, og det trur eg me og var", seier han. Han seier og at han var litt spent før aksjonen, men at han helst gleda seg. Han hadde gått med bøsse i ein skuleaksjon, så han visste kva han gjekk til.

Til årets bøsseberar har Benjamin desse råda: Det viktigaste er å vera blid og snill. Det kan verta litt kaldt på slutten, så ta på nok klede. Elles var ein liten premie då dei var ferdige, heller ikkje å forakta. Og premie, det blir det i år også!

## Fasteaksjonen 2009 – Klimaaksjonen SOS frå sør

Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon i 2009 og 2010 set fokus på fattige menneske i møte med klimaendringane. Klimaaksjonen "SOS frå sør", tek på alvor at fattige menneske sender ut naudrop om meir tørke, flaum og ekstreme vêrforhold.

**Tysdag 31. mars vil konfirmantar, konfirmantforeldre og andre frivillige bøsseberarar frå kyrkjelydane i Time gå frå dør til dør og samle inn pengar til ofra for klimaendringane.**

- Flaumen i fjor var den største eg kan hugse. Vannet steig her på øya, og folk sat på taka og ropte på hjelp. Viss naturkatastrofane blir fleire og sterkare, vil det råke oss hardt, seier Asha frå Ban-

gladesh, ein av mange som ropar SOS, og ber oss ta klimatrugselen på alvor.

Medan vi i den rike delen av verda kan førebyggje og forsikre mot naturens øydeleggingar, står menneske i fattige land i fare for å miste alt når katastrofen råkar.

Difor går pengane frå fasteaksjonen i år blant anna til å gjere fattige i stand til å møte meir ekstremt ver. I flaumutsette område som Bangladesh inneberar det blant anna treplanting, som hindrar at verdifull jord blir vaska bort når flaumen råkar. Dessutan blir hus sikra mot flaum, og det blir sette i gang lokale krisegrupper som har ansvar for flaumvarsling og bergingsarbeid når katastrofen skjer.

I Kenya, som blir råka av hyppigare tørke, støttar Kirkens Nødhjelp prosjekt som samlar og lagrar regnvatn til tørre periodar. Dessutan dyrkar dei planta jatropha, som trivst i tørre område og som gir biodrivstoff, velegna til straumaggregat og bilar.

Klimaendringar er tvinga stadig høgare opp på dagsorden i den vestlege del av verda, og Kirkens Nødhjelp ynskjer å markere at klimaendringar er et rettferdsspørsmål. Vi som bur i den rike delen av verda bidreg mest til endringane i klimaet og har derfor eit særleg ansvar for å lytte til SOS-ropa frå fattige menneske.



**Ta derfor godt i mot bøsseberarane. Dei kjem på døra di frå kl. 18.00. Fint om du har pengar klar.**

# Shalomtur for Bryne kyrkjelyd Israel 2.-13. oktober 2009



*Annlaug og Gunhild vassar i Gennesaretsjøen*

Bryne sokneråd inviterer til kyrkjelydstur til Israel neste haust. Inger Bakke Berge og Arne Berge skal vera reiseleiarar. Nå er brosjyren for turen komen og det er mogleg å melda seg på. Brosjyre ligg til utdeling i Bryne kyrkje og på kyrkjekontoret. Påmelding skjer direkte til Sabra Fokus Reiser, som er turoperatør.

## **Inger og Arne fortel:**

Turen blir arrangert i samband med at kyrkjelyden har fått nytt misjonsprosjekt gjennom Den Norske Israelmisjon. Me vil besøkje Immanuelskyrkja i Tel Aviv, møta nokre av misjonærane og også på andre måtar få eit inntrykk av arbeidet som Israelmisjonen er engasjert i.

Me vil også leggja vekt på å sjå mange av stadane som er knytt til Jesu liv, som Betlehem, Nasaret, Kapernaum, Cæsarea Filippi, Betsaida og Jerusalem. Elles vil me få sjå og oppleve mykje spennande kultur og flott natur, f.eks ved Dødehavet

Å reisa til Det heilage landet er alltid ei stor oppleving. Anten du reiser dit for første gong eller vender tilbake til noko du kjenner frå før, vil du få sterke inntrykk frå eit land med svært spesiell geografi og historie – og med mange dagsaktuelle utfordringar.

På denne turen ønskjer me å gje ei

annleis ferieoppleving. Me vil møta menneske og høyra historier som rører ved oss. Me vil ha med oss ein dyktig lokal skandinaviskspråkleg guide som vil fortelja om stadane me besøkje, og i tillegg vil me som reiseleiarar vera med og sortera dei mange inntrykka. Trivsel og samhald i gruppa er også viktig, - erfaringa vår tilseier at ei gruppe som reiser på denne måten blir svært godt samansveist.

Turen vil vera ei rundreise der me først besøkje Tel Aviv (2 netter), deretter reiser til Galilea, der me skal bu ved Gennesaretsjøen (3 netter). Til slutt reiser me til Jerusalem (6 netter).

Når dette blir skrive, er nyheitene prega av konflikten i Gaza. Me håper alle at det må finnast ei løysning på denne konflikten, og at både israelarar og palestinarar skal gå rolegare tider i møte. Slik situasjonen er i dag, vil ikkje denne konflikten ha nokon innverknad på kyrkjelydsturen. Me skal ikkje reisa i nærleiken av Gaza. Og skulle det framleis vera



*Altarpartiet i Immanuelskyrkja*





Klagemuren

noka form for uro i regionen, vil guide og reiseleiarar sørgja for at gruppa ikkje drar til urolege område.

For at deltakarar frå Bryne kyrkjelyd skal ha fortrinnsrett på turen, vil det fram til 1. mars bare vera ope for påmelding frå deltakarar frå Bryne sokn. Viss det framleis er ledige plassar etter dette, vil det då bli opna for påmelding også for andre.

Me gleder oss til turen. Vil du vita meir om opplegget, kan du ta kontakt med oss:

Inger 91517753, Arne 40405685.

## Fra gymsal **til kantine**



Hans Tore Hetland

Rivinga av Rosseland skole har startet. Det betyr flytting for menighetsarbeidet på Rosseland.

25.januar er trolig første gang det blir arrangert gudstjeneste i kantina på Time VGS, men ikke den siste. Bryne Kyrkjelyd sitt arbeid på Rosseland måtte nemlig flytte ut av lokalene på Rosseland Skule i januar, da rivingen av skolen startet. Men lederen i Rosselandsutvalget, Hans Tore Hetland, ser ikke ut til å ha mistet energien av å gå frå svettelukt til matlukt:

“Time VGS var et godt alternativ når Rosseland skole skulle rives. De to byggene ligger rett ved siden av hverandre og personalet på Time VGS har vært meget samarbeidsvillige og lagt ting godt til rette for oss.

Hvilke konsekvenser får så flyttingen?

“Ikke så store. Gudstjenesterommet blir litt mindre og mer intimt, på godt og vondt. Mange ting ligger bedre til rette i de nye lokalene: Bl.a vil søndagskolen få et bedre rom enn hva vi hadde på Rosseland skole.”

### Satser på familier

Rosselandsarbeidet er en satsing som startet for snart 3 år siden. Flere i stab og sokneråd så behovet for at Bryne Kyrkjelyd møtte de mange nyetablerte småbarnsfamiliene på Rosseland. Det startet med et par gudstjenester på Rosseland Skole. Dette semesteret tilbyr Rosselandsutvalget 5 gudstjenester og 5 Åpen Familie-samlinger på Time VGS, samt familie-weekend til Horve i mars.

Er det behov for enda en menighet på Bryne?

“Vi er ikke en egen menighet, men en del av Bryne Kyrkjelyd. Oppmøtet viser likevel at det er behov for et gudstjeneste-tilbud som er mer lokalt og tilrettelagt for småbarnsfamilier.

Gudstjenestene på Rosseland samler fra 70-200 små og store. Selv om det er snakk om et lokalt menighetsarbeid på Rosseland, er selvsagt alle på Bryne hjertelig velkommen.

### Vil tilbake igjen

Er det mulig at dere forblir på Time VGS også etter at den nye gymsalen på Rosseland er ferdig?

“Nei, vi vil nok tilbake”. Hetland forteller at Rosseland Skole har bl.a. brukt gudstjenestene som argument for å få gjennom at den nye hallen skulle være en flerbruks-hall, og han håper derfor at hallen vil være godt tilrettelagt for gudstjeneste-feiring når den står klar om halvannet år.

“Nå er vi først og fremst spente på hvordan ting vil fungere her i kantina på Time VGS og håper at folk finner frem”, avslutter han.

Neste arrangement i regi av Rosselandsutvalget er Åpen Familie fredag 13.februar kl. 17.00 og Gudstjeneste med søndagsskule søndag 15.februar kl.11.00.

19

# HELGEDAGEN

Kyrkjelydsblad for Time

Nr. 1

JULENUMMER

1. årg.

Jesus Kristus er igår og idag den samme



Nr. 1

JANUAR 1969

1. årg.

## Helgedagen er 40 år

Helgedagen går inn i sitt 41. år. Eg vart nysgjerrig og såg tilbake til starten. Det var lett å finna fram i arkivet på kyrkjekontoret. Bladet starta med tettskrivne sider som spegla det kristne arbeidet i heile bygda. Layout var neppe eit in-ord på den tida, og bilete var det lite plass til. Men 11 nummer i året kom ut. Det må ha vore ein stor jobb for dei ansvarlege. Ikkje berre for dei som hadde ansvar for å få innhaldet på plass, men også for mange, mange andre. Det var gratis ombering då som i dag, for omberarane vert takka.

Nokon redaksjon vert ikkje nemnd, men det ser ut som soknepresten har hatt hovudansvaret. Dette var lenge før det var stort kyrkjekontor med stab i Den norske kyrkja.

Helgedagen, kyrkjelydsblad for Time, kom ut med aller første nummer til jul 1968. Som de ser står ikkje årstalet på bladet, men bare - Nr. 1 JULENUMMER 1.årg. - I ei spalte på baksida (ei halv A5 side) finn me gudsteneste- og møteliste for Time kyrkje, Undheim kapell, Undheim bedehus, Saron og Frøyland forsamlingshus samla under overskrifta: Å, land høyr Herrens ord. Det første å lesa er biskopen si julehelsing til menighetene i Stavanger bispedøme. Underskrifta lyder: Eders Johanne og Olav Hagesæther. Ja, det er sanneleg gått 40 år.

### Sokneprest Jens Bjelland introduserer nykomlingen slik:

"I dag kjem "Helgedagen" inn i heimen din for første gongen. Han byd goddag og vel møtt. Kva er so det for ein gjest?

Det er det nye kyrkjelydsbladet for Time kyrkjelyd. Det vil gjerne inn i kvar einaste heim og minne om at de høyrer heime i den store huslyden som heiter Time kyrkjelyd. Her vart dei fleste av dykk døypte, konfirmerte og vigde. Og nokon av dei kjæraste har de kan henda fylgt på siste ferda hit. Og så har de kome att med dykkar eigne små. Ætt fylgjer ætt på livsvegen. Og i store stunder svingar han innom

kyrkjehus og heilagdom for dei aller fleste her i bygda og i folket."

Elles har misjonærar fått det meste av plassen til helsingar: Jostein og Laura Kindervaag, Målfrid, Jorunn, Gudrun og Einar Braadland, Elfrid Søyland, Else-Marie og Bjørn Bue, Randi og Arne Horneland.

Det underlege er at neste blad som kom alt i januar 1969 også er nr.1 og årgang 1. (sjå faksimile) Då har bladet fått "andlet" som soknepresten skriv: Herborg Kverneland har teikna "andletet" til "Helgedagen". Det er eit jærlandskap der kyrkja lyser helgefred. Framføre namnet står teiknet for Kristus. (Dei to første bokstavane i det greske namnet Christos). Kristus-helg over Jæren! Det ligg altso eit program i biletet. Hjarteleg takk skal fru Kverneland ha både for idéen og arbeidet." Dette jærlandskapet vart så kjenningsmerket for Helgedagen i ti år framover. Ny logo kom med julenummeret 1978. Herborg Nordsletten Kverneland hadde også ei hand med i siste nr. av 40.årgang. Ho hadde teikna den vakre rosa til framsida av julenummeret og hadde også omtalen av salmen: Det hev ei rose sprunge.

På siste side i det aller første nummeret får Arne Garborg også ordet. Han har ein viktig bodskap til sine sambygdingar. Derfor får han også spalteplass i Helgedagen nr.1, Februar 2009, 41.årgang:

### Helg

Heilag er den stille bygd. Alle vegar fører til kyrkja. Og li-vet samlar seg der og vert vigd, og helg og høgtid legg seg ut yver land og leid frå det kvite altar med stakane og det heilage staupet. Og klokkone signar og syng, og på jordi er fred for sorg og synder. Og når folket møter til helg, so er det helg. Gud er tilstades sjølv. Og gjennom ord som verdi ikkje forstend, klårnar fram for den barnlege hug livsens truskyldige meining.

# Time kyrkje 150 år



I 2009 vert Time kyrkje 150

## Program for jubiléumsåret

**Fredag 6 februar kl.20:00**

**Kulturkveld:**

**“ Ved mi barndoms kyrkje”**

Songgruppa Shalom inviterar til ein kveld med: konferansier Åmund Eikeland, Martin Barkved som gjev oss del i minne frå barneåra då far hans var organist.

Sigbjørn Reime kåserar om :

“ Garborg og Timekyrkja”.

Fiona Schaub Grødem , fiolin og Anne Kristine Røthing, munnspele.

Etterpå vert det mat og drøs på kyrkjetorget. Kollekt.

**Onsdag 25.mars kl.18:00**

**Konsert**

**med kulturskulen i Time.**

Konserten er ein del av kulturskuleveka.

Inngangspengar.

**Sundag 14 juli kl.11:00**

**Friluftsgudstenete**

**på Lye gamle prestegard.**

Kulturhistorie, vandring, Jærklang og Vibå spelemannslag.

**Sundag 23.august**

**kl.11:00Friluftsgudstenete ved Fotlandsfossen.**

IMF brass Bryne . Fotlandstemne

**Sundag 20.september**

**Haustakkefest i**

**Hognestadhallen.**

Leik og aktivitetar. Fotland barnehage og Fotland sundagsskule.

**Sundag 15.november**

**kl.11:00**

**Jubiléums-gudsteneste.**

Dette vert ei storslått gudsteneste. Me samlar songarar frå fleire kor som har vore knyt til kyrkja, saman med tidlegare dirigentar og leiarar. Det vert felleskor, blåsegruppe og solistar.

Biskopen kjem.

Eigen jubiléumssalme.

**Sundag 13.desember**

**kl.11:00**

**“Fest i Guds hus”**

Ei spesiell adventsgudsteneste med Jærklang, barnekor, dansarar, dramainnslag og musikkarar



Altar og altartavle i Time kyrkje

## Saman feirar me kyrkja vår!

## Stilhet i støyen

- tema for kveldsgudstenester i Bryne kyrkje våren 2009 –

Gudstenesteutvalet prøver å ta pulsen på tida i val av tema for kveldsgudstenester.

Kva er det tid for nå? Kvilepuls? Å leita etter ro i uro, stilhet i støy, kvilerytme i det som lett dunkar med oppjaga og stressa hastepuls.

Me trur det er tid for dette og inviterer til det. I dagens informasjonssamfunn må me forhalda oss til meir enn nokon gong før. Hendingar, tilbod og rop om engasjement når oss på alle kanalar. Med mobiltelefon og på nett er me alltid tilgjengelege. Me har fleire hjelpemiddel, og dermed tid til å gjera meir. Fleire feriedagar til å nå over endå meir enn før. Postkassen er full av reklame. “Tidsklemma” er ikkje lenger eit av moteorda, utan at me har fått betre tid av den grunn.

All støyen frå det me høyrer og ser, ropar etter fred. Jesus viser med sitt eksempel kor viktig det er å gå avsesides til kvile og bøn og inviterer oss inn i sin fred. Med tema for våren ønskjer gudstenesteutvalet å minna oss om at me treng denne freden, og gje nokre smakebitar på å finna stilhet i støyen...

**25.januar: For livet sine stemningar – salmesong.**

Frå dåp til grav, i alle livsfasar og kjensler, åleine og saman med andre. Alltid finn du ein salme som passar. Heidi Strand Harboe gjev si tolking av nokre salmar.

**15.februar: Den gode stilheten – retreat**

Tid til stille ettertanke og refleksjon. Kvilerytme for hjarta og kropp.

Reidun Kyllingstad fortel om retreatarbeid og livet på Utstein pilegrimsgard.

**22.mars: Den betingelseslause kjærleiken – lovsong**

Vi er elska på tross av det som bryt oss ned. Bryt ut i lovsong.

Lovsongsteamet til G2 på Saron

**26.april: Bønestilhet i kvardagen – bøn**

I alle tider og situasjonar kan me finna inn til bøna sitt stille og opnande rom.

Sigve Ims fortel om bønestilhet i kvardagen.



## Misjonsinspirasjon i Bryne kyrkje

sundag 8. mars kl. 19:00

Talar: Thor Strandenæs,  
Misjonshøgskolen

Tema: Vidare med det viktigaste  
Ferske misjonsinnslag frå  
Den Norske Israelmisjon,  
Misjonsalliansen, Det Norske  
Misjonselskap og Normisjon.  
Song av KIA-koret  
Du er velkomen

Bryne sokneråd  
Misjonsutvalet



## MØTEVEKE MED NILS KÅRE STRØM OG TOM OSEBERG

Undheim kapell 10.-22. mars 2009

Møter alle dagar kl 19.30  
(ikkje måndagar)

Bøn for møtet kl 19.00

Ulike songkrefter deltek på møtene

Alle er hjarteleg velkomne!

Bryne sokneråd arrangerer medarbeidarfest og årsmøte for Bryne kyrkjelyd

Fredag 20. mars kl 19.00 i  
Bryne Kyrkje

Talar vert Njål Fykse.

Det vil bli musikkinnslag og servering av mat på festen.

På årsmøtet vil det bli årsmøtesaker med gjennomgang av årsmeldinga for Bryne sokneråd 2008.

## Velkomen til temakveld om sorg.

### Torsdag 19. februar kl. 19:30 i Høyland Menighetshus på Sandnes

Ved sjukehusprest Johannes Høyvik.  
Han snakkar om temaet  
"Å leve med sorg".

Diakonane i Den norske kyrkja i Jæren, Sandnes og Sola samarbeidar om å arrangera ein open temakveld om sorg og sorggrupper kvart semester. Det varierar frå gong til gong kor temakvelden held hus, denne gongen er det på Sandnes.

Alle er velkomen

## Vårfest, "Vi over 60"

Sundag 22. mars blir det vårfest på Lye Forsamlingshus kl 15.00

Egil S. Eide held andakt og har eit kåseri med tema "Thailand – smilenes land" Innslag med song og musikk. Kulturskuleelevar deltek. Det blir allsong, god mat, kaffi og tid til drøs.

Hjarteleg velkomen

Arr: Time Diakoniutval

## JUBILEUMSKONSERT

Jærklang har 10 års jubileum og feirer det med konsert laurdag den 28.mars kl.19.00 i Bryne kyrkje.

Framføring av "Guds omsorg" arr. av Mons L Takle.

Kveldens gjest: Haldis Reigstad Kollekt.

Kaffi, mat og drøs

## KVINNENE SIN INTERNASJONALE BØNEDAG 6 MARS 2009

Bryne Misjonskyrkje 6 mars kl.19:00

Fotland bedehus kl.14.30

Undheim kapell, i kjellaren kl.14.00

Opplegget i år er utarbeidd av komiteen i Papua Ny-Guinea.

Dei skriv: Som tema for Bønedagen 2009 har vi valt: "I Kristus finst det mange lemar men berre ein lekam". Dette temaet høver særst godt for Papua Ny-Guinea, for landet vårt har mange språk, kulturar, tradisjonar og trusretningar. Sjølv om vi på mange vis er ulike i Papua Ny-Guinea, har vi ei grunnleggjande oppleving av å vera eitt midt i ulikskapen. Vi vil gjerne fortelja om det praktiske samarbeidet vi har mellom kyrkjene. Ved Guds nåde kan vi verta eitt som Kristi kropp for å fullføra oppgåva hans på jorda. Vi vil gjerne takka Det økumeniske kyrkjerådet i Papua Ny-Guinea for den støtta dei har gjeve dei kristne kvinnene i landet.

"I Kristus finst det mange lemar men berre ein lekam."

Under denne overskrifta samlar kvinner på Bryne seg i bøn på den internasjonale bønedagen. Møt fram og ta del i det verdsvide fellesskapet.

JERPRINT AS - VARDHEIVEIEN 60, 4340 BRYNE - TLF. 952 99 844 - FAX 51 77 99 38 - trykkeri@jprint.no

**SAMARBEID** betyr at vi sammen finner den beste arbeidsdelingen.


En god arbeidsdeling helt fra starten av, gjør at veien frem til et godt sluttresultat som oftest går raskere.

**ENGASJEMENT** betyr at vi bryr oss, at vi bruker tid på å sette oss

inn i hva du ønsker å oppnå og dermed få det beste grunnlag for å lage det rette for deg.

**FAGKUNNSKAP** betyr at vår erfaring og innsikt skal være en garanti for at vi er i stand til å produsere det du vil ha; det du trenger.

JERPRINT  
TRYKKERI & DESIGN



## Velkomen til weekend-samlivskurs! "To på samme kurs" eller "Et annerledes språkkurs"

Laurdag 7. mars. kl 10-18 og  
sundag 8 mars. kl 11-17

**(NB: Datoane er endra frå tidlegare annonsering)**

Stad: Lye Forsamlingshus

Denne helga tilbyr vi både kurs 1 (To på samme kurs) og kurs 2 (Et annerledes språkkurs). De må sei ifrå kva for eit kurs de ønskjar ved påmelding. Vi anbefalar alle å gå på kurs 1 først, så kurs 2 er først og fremst for dykk som har gått kurs tidlegare. Gje dykk sjølve ei helg der de fokuserar på parforholdet! Kurset er for alminnelege par med alminnelege utfordringar.

Kurset kostar kr. 600 pr par, då er kursmateriell og mat begge dagane inkludert. Påmeldingsfrist er fredag 20. februar.

For påmelding eller meir informasjon, ta kontakt med:

Time kyrkjekontor, tlf: 51 77 03 77 eller  
email: [diakon@time-kyrkja.no](mailto:diakon@time-kyrkja.no)

Velkomen til å bli med!

## Kulturkveld for Jæren prosti Bryne kyrkje torsdag 19.februar kl.19.30



### Nina Irslinger

presenterer

### **Pilegrimsveien til Santiago: eit foredrag med bilete og musikk**

Nina Irslinger er organist og pianolærer i Evje og Hornnes. Ho har 2 gonger sykla åleine 1000 km langs

"Camino de Santiago" – sist i 2008.

Foredraget viser bilete frå landskap, kyrkjer, arkitektur, kunst og dagleg liv som pilegrim.

Programmet inneheld også

### **feiande flott spansk pianomusikk spelt "live" "Jærklang" deltek med sang**

Arr: Prosten i Jæren



## Til alle bidragsytarar til julemessa i Bryne kyrkje.

Tusen takk til alle som gjorde det mogleg å lage til ei julemesse i kyrkja, nok eit år. Det er bare heilt kjempeflott med alle som deltek og yt sitt, slik at det blir ei vellykka messe. Det var utruleg mange flotte ting, og velsmakande ting, som var til sals.

Det var og mange som hadde gitt gåver inn til lotteriet, slik at vi fekk mange flotte gevinstar på basaren og åresalet. Takk for brodert bu-nad og dukar, maleri og kransekaker, dekora-sjonar og alt anna. Og ikkje minst takk til alle som deltok på dugnad på sjølve julemessa. Tusen takk.

Tusen takk til alle butikkane for alt dei gav til oss av flotte gåver.

Det kom inn ca 130 000 som blir fordelt mellom barne- og ungdomsarbeidet i kyrkje og Bryne kyrkjelyd sitt misjonsprosjekt i Israel.

Venleg helsing for julemessekomiteen  
Ruth Stabel Berg



Går du i  
1.klasse?  
Velkommen på  
Dåpsskule!

Alle 1.klassingar er velkomne på dåpsskule i vekene fram mot påske.

Barn fødd i 2002 som er medlem i Den norske kyrkja, får invitasjon til dåpsskulen i posten. Ta kontakt med kyrkjekontoret dersom de ønskjer å vere med, men ikkje har fått invitasjon.

## Prest og prost framover:

Ny prost i Jæren etter Anne Sofie Haarr er Kjell Børge Tjemsland.

Han kjem frå stillinga som misjonskonsulent i Stavanger bispedømme og har mellom anna bakgrunn som prest i Gand og misjonær i Hong Kong. I skrivande stund ser det ut for at innsetjings-gudstenesta blir i Time kyrkje søndag 24.mai kl.19.

I mellomperioden er Stein Ødegård fungerande prost og Bernhard Pedersen vikarprest.

Bernhard er m.a. tidlegare sokneprest i Gand og godt kjend frå vikariat i Time før.

Han vert særleg knytta til Undheim kapell og sokne-råd, sidan Per Børge Hillestad har studiepermisjon fram mot påske.

I tillegg vil Tor Olav Varhaug ha stiftspraksis i Bryne, Time og Undheim 5 veker frå 9.februar til 15.mars. Stiftspraksisen er avsluttande del av presteutdanninga. Dei som ønskjer andaktar eller andre prestenester av Tor Olav Varhaug, kan ta kontakt med kyrkje-kontoret.

## Bønnebrev i Bryne kyrkjelyd:

Ei ressursgruppe har nå utforma brosjyre med bønne-emner for kyrkjelivet fram mot påske.

Bønnebrevet er ein gave for alle som ønskjer hjelp til regelmessig bønn og vil at arbeidet skal berast av bønn. Ta med heim frå gudsteneste eller be om å få på

*Nærradioen med godt nytt*  
**JÆREN MISJONS RADIO**

Trygghemsveien 13, 4365 Nærbø, Tlf.: 51 43 32 22

**Sender på**  
FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9

**Sendetider**  
*Mandag:* 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00  
*Tirsdag:* 08.30 - 09.00  
*Onsdag:* 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00  
19.30 - 21.00  
*Torsdag:* 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45  
*Fredag:* 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45



## DØYPTE



### BRYNE KYRKJE

Mille Hjarsbæk, Elias Håland, Lea Mellgren Haugland, Torben Wiig Svihus, Aksel Vesterdal, Håvard Vesterdal, Marte Slettebø Wespestad, Eirik Nese Skarsaune, Simon Hetland, Marco Pollestad Nimki, Olav Fatland, Justine Undheim Brudeli

### TIME KYRKJE

Jonathan Bore, Elena Ose Stokdal, Leah Enoksen Heien, Tristan Borlaug Nilsen, Cassandra Wulvig Djøseland, Marius Christoffer Bekkesletten, Fredrik August Bekkesletten, Victoria Bekkesletten, Ole Gunnar Høgenes, Malene Hauge, Angelica Ellingsen, Verona Kalsås, Mina Ausen, Oisin Magnor Oma Armstrong

### UNDHEIM KAPELL

Mille Victoria Undheim Buraas

## VIGDE

Marianne Brakstad og Ronny Espedal, Kristin Hagen og Frode Fjermestad, Grete Mæle og Jan Erik Wallentinsen, Gunn Berit Landa og Kjell Einar Soldal, Hege Haugland og Espen Byberg



## DØDE

Martha Jess, Øyvind Sandøy, Magda Hauge, Jori Holen, Margrethe Haugland, Jenny Kverneland, Ingfrid Martinsen, Anna Kyllingstad, Rasmus Frøyland, Per Arne Netland, Ole Åsen, John Olav Larsen, Ruth Fosse, Sigurd Skårland, Martin Håland, Ingebjørg Marie Eiken



## Vegen tilbake til Gud

*"For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv." Joh. 3,16*


Bøn: Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydde på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn. Amen

## Saknar du noko?

Finn du ikkje paraplyen, brillene, jakka, lua, hanskane, Bibelen, ryggsekken, øyredobben, etuiet til kamera, kleshengaren til dåpskjolen eller andre ting? Kanskje du har gløymt det i kyrkja? Det ligg veldig mange gjengløynde ting i kyrkjene våre. Kan hende noko av det er ditt?

Alle gjengløynde ting i Bryne og Time kyrkje vert nå lagt på kyrkjekontoret. Kom innom og ta ein sjekk. Alt som ikkje er henta innan 1. april vert anten gitt til Fretex eller kasta.

Gjengløynde ting på Undheim kan hentast i Undheim kapell.



## GJEVARTENESTE

Barne- og ungdomsarbeid i Bryne, kto.nr. 3325.25.07057.

"Vi gjev" - diakonalt arbeid i Time kto.nr. 3325.21.30859.

Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste ungdomsarbeidar, Undheim

kto.nr. 3325.21.55657.

Undheim kapell - gåver

kto.nr. 3325 25 08959

Frøyland-Orstad kyrkjelyd,

kto.nr. 3290.60.44179

Kyrkjebygg Frøyland-Orstad

kto.nr.3325.25.09270

Ungdomsarbeidar på Lye

kto.nr. 3325.25.04260

Stikk innom vår heimeside

<http://www.time-kyrkja.no>



## Skyss til gudstenesta

### BRYNE KYRKJE:

Sverre M. Lima  
51 48 21 33

Jonas Frøyland  
41 30 04 68

Garbriel Tengsareid  
51 48 28 98

før kl. 10.00.

### TIME KYRKJE:

Helga Garborg  
51 48 71 61

Dorteia Haugland  
51 48 70 04

før kl. 09.30.

### 31. januar

Time kyrkje

### Laurdag

kl. 15.00

Dåpsgudsteneste

### 1.februar

Bryne kyrkje

### Vingardssundag

kl.11:00

Lye forsamlingshus kl.10:30

Undheim kapell kl.10:30

### Matteus 20.1-16

Familiemesse. Dåp. Nattverd. Santalklubben og Ungkyrkja deltek

Gudsteneste. Tema: Diakoni.

Gudsteneste. Nattverd

### 8.februar

Bryne kyrkje

Bryne kyrkje

### Såmannssundag

kl.11.00

kl.18:00

Time kyrkje

kl.11:00

Time kyrkje

kl.17:00

### Lukas 8.4-15

Gudsteneste. Nattverd. Jungelgjeng

Sundagstreff, tilrettelagt for menneske

med utviklingshemming

Gudsteneste. Dåp

Familiiegudsteneste. Nattverd. Kveldsmat.

### 15.februar

Bryne kyrkje

### Kristi forklåringsdag

kl.19.00

Lye forsamlingshus kl.10:30

Time vidaregåande

skule kl. 11:00

Undheim kapell kl.10:30

### Matteus 17.1-9

Gudsteneste. Nattverd.

Tema: Den gode stillheten -retreat

Gudsteneste.

Tema: Inkluderande fellesskap.

Gudsteneste. Sundagsskule

Gudsteneste

### 22.februar

Bryne kyrkje

Time kyrkje

### Fastelavnssundag

kl.11:00

kl.11:00

### 1.Korintarbre 13

Gudsteneste. Dåp.

Gudsteneste. Dåp. Nattverd.

### 1.mars

Bryne kyrkje

Lye forsamlingshus kl.10:30

Undheim kapell kl.10:30

### 1.sundag i faste

kl.11:00

kl.10:30

kl.10:30

### Matteus 4.1-11

Gudsteneste. Dåp. Ungkyrkja deltek

Familiiegudsteneste. Dåp.

Gudsteneste. Nattverd.

### 8.mars

Bryne kyrkje

### 2.sundag i faste

kl.11:00

Time kyrkje

kl.11:00

Time kyrkje

kl.17:00

### Matteus 15.21-28

Familiiegudsteneste. Dåp.

Bankers og sundagstreff deltek

Gudsteneste. Dåp

Familiiegudsteneste. Nattverd. Kveldsmat.

### 15.mars

Bryne kyrkje

Lye forsamlingshus kl.10:30

Undheim kapell kl.10:30

### 3.sundag i faste

kl.11:00

kl.10:30

kl.10:30

### Lukas 11.14-28

Gudsteneste. Nattverd. Jungelgjeng

Gudsteneste. uniorkoret deltek.

Gudsteneste.

### 22.mars

Bryne kyrkje

### Maria bodskapsdag

kl.19:00

### Lukas 1.26-28

Gudsteneste. Nattverd. Tema: Lovsong.

Lovsongsteamet G2

Time kyrkje

kl.11:00

Time vidaregåande-

skule

kl.11:00

Gudsteneste. Nattverd.

Gudsteneste. Sundagsskule

### 29 mars

Bryne kyrkje

Time kyrkje

### 5.sundag i faste

kl.11:00

kl.18:30

### 1.Mosebok 22.1-13

Familiiegudsteneste. Dåp. Dåpsskulen. Minisang

Samtale med konfirmantane.

Etterpå fest på Lye Forsamlingshus